Praksisplan Kleppelunden skule
Skuleåret 2026/2027



Velkommen som praksisstudent til oss på Kleppelunden skule

Me gler oss til å ta imot nettopp deg som praksisstudent i år. Me håpar og trur at det vil føra til god læring for både deg og oss.
Me vil at du skal få møta ein skule med høg kvalitet, med hovudfokus på elevane og deira læring.
Våre praksislærarar vil ha eit hovudansvar for å støtta og vurdera dine moglegheiter for arbeid som framtidig lærar. Praksislærar vil dermed gi deg ei rettleiande, vurdert og variert praksisopplæring.

Tilsette ved Kleppelunden skule ønskjer å framstå som gode og trygge rollemodellar, både som tydelege klasseleiarar, bevisste pedagogar og hyggelege kollegaer. Det vil samstundes vera gode moglegheiter for å observera ulike lærarroller og læringssituasjonar, som kan gi deg ytterlegare eigenutvikling og forståing av deg sjølv som lærar.
Denne planen tek utgangspunkt i dei nasjonale føringane i rammeplan- og retningslinjer for grunnskolelærarutdanninga, og studieprogramplanen frå UIS.

Formål med planen: Å skape trygge, profesjonelle og lærerike praksisperiodar.
På vegne av Kleppelunden vil me få ønskja deg velkommen, og håpar du får ein god og lærerik praksisperiode ved skulen vår!

Innhaldsliste

Om skulen vår 3
Slik har me det på Kleppelunden 4
Roller og Ansvar 4
Innhald i praksisperioden 5
Variert praksis 5
Rettleia praksis 6
Vurdert praksis 6
Læringsutbytte 7
Tverrgåande perspektiv 7
Rammer for praksis 9
Denne planen er forankra i 9
Sjekkliste for praksis på Kleppelunden skule 10

Om skulen vår



Kleppelunden skule er ein barneskule i Klepp kommune med om lag 300 elevar og 50 tilsette i skule og SFO. Skulen ligg sentralt til i Klepp, med flotte Kleppeloen som næraste nabo. Det er eit supert turområde som alle trinn nyttar til uteskule. Me flytta inn i heilt nye og moderne lokale i august 2024.

Leiinga ved skulen består av rektor og tre avdelingsleiarar. SFO-leiar og saksbehandlar er òg ein del av skulen si administrative leiing. Skulen har eit innbydande bibliotek, aula og gode inne- og uteområde som legg til rette for læring, trivsel og fellesskap.

Ved Kleppelunden skule arbeider me målretta med å skapa eit trygt, inkluderande og læringsfremjande miljø. I profesjonsfellesskapet står elevengasjement sentralt, og våre satsingsområde er *trygt skulemiljø, digital kompetanse, lesing og oracy*. Gjennom tett samarbeid mellom tilsette og leiing utviklar me ei inkluderande undervisning bygd på eit positivt elevsyn og den engasjerte eleven som pedagogisk plattform.

Visjon: Med blikk for alle
Våre Verdiar: Respekt, omsorg, ansvar og lærelyst.

Slik har me det på Kleppelunden

- Vi har morgonmøte kvar tysdag frå kl. 0750- 08.05
- Me møter på arbeidsplassen seinast klokka 07.50 kvar morgon.
- Studentar held seg oppdatert ved å sjekke vaktlista på OneNote eller utskrift frå praksislærar.
- Eventuelt fråvær skal meldast til skulen seinast kl. 07.15 på telefon

  48038534 (Avd.leiar/koordinator Morten),) eller direkte til praksislærar.

- Arbeidstida er frå klokka 08.00 – 15.30.
- Me kler oss anstendig.
- Me omtalar ikkje elevar høglydt på personalrommet.
- Alle som skal ha undervisning går til klasseromma før det har ringt.
- Ingen forlét skulen sitt område i arbeidstida utan at det er avtala.
- Det er røyke- og snusforbod på skulen sitt område.
- Alle må ha med nødvendig utstyr /klede /sko (til utedag, symjeundervisning o.l.)
- Mobiltelefon skal vera på lydlaus og usynleg i undervisning, samarbeidsøkter og rettleiingssamtalar.
- Alle ryddar etter seg

Roller og Ansvar

Skuleleiinga (Praksiskoordinator) : Morten Haaland tlf 48038534

- Tar imot studentane første dag.
- Gir administrativ og praktisk informasjon.
- Organiserer felles møter (PLF, møte med føresette osv.).
- Sørger for nødvendig IT-tilgang.

Praksislærar (Rettleiar) *Stian Strømdal tlf 95559943*

- Førebur klassen på at studentane kjem.
- Gjennomfører rettleiing før og etter undervisning.
- Gir jamleg skriftlege og munnlege tilbakemeldingar.
- Vurderer studenten til bestått/ikkje bestått.

Studentane

- Møter presist og følger skulen si arbeidstid.
- Deltar aktivt i skulen sitt profesjonsfellesskap.
- Leverer vekeplanar og undervisningsopplegg i tide.
- Overhelder teieplikta og signerer eigenerklæring.

Innhald i praksisperioden

Variert praksis

På Kleppelunden skule ønskjer me at studentar og skulen saman skal arbeida for å få ein variert praksis. Du blir knytt til ein praksislærar, samstundes som du skal få vera til stades og observere hjå andre lærarar ved skulen, for å erfara variert lærararbeid. Me ønskjer at du skal få arbeida saman med praksislærar og studentar, og starta der du er, ut frå tidlegare utdanning og erfaring.
Avhengig av kor du er i utdanningsløpet, skal du delta i ulik grad i læringsarbeidet på skulen vår. I samråd mellom deg og praksislærar vil ansvarsområda dine i praksis bli utvida, slik at du får ein tilpassa progresjon. På denne måten får du høve til å auka kunnskapen, og utvikla ferdigheiter og generell kompetanse innanfor læraryrket.
Dette er verktøy som gjer deg i stand til å vera ein god lærar på vår skule.

Du skal:

- Observera kva som skjer i løpet av ein arbeidsdag saman med elevar og kollegaer.
- Planleggja, gjennomføra og evaluera delar av eller heile undervisningsøkter ut frå den didaktiske relasjonsmodellen.
- Prøva ut ulike arbeidsmetodar i samhandling med elevane, til dømes stasjonsundervisning, ulike par, gruppearbeid, individuelt arbeid, drama osv.
- Vera lærar til ei mindre gruppe elevar, som du skal følgja sosialt og fagleg.
- Ta del i vurdering av elevarbeid og vurdering av undervisningsøkter. Arbeid som elevar gjer, skal vurderast etter kvart, og dei skal få framovermeldingar både munnleg og skriftleg.
- Vera ein del av kollegiet og delta i PU-økter (pedagogisk utvikling), trinnmøter og eventuelt andre møter.
- Delta i vaktordning.
- Vera med på andre arenaer knytt til skulen; dette kan til dømes vera foreldremøte, utviklingssamtale, utviklingsgruppe, møte med PPT, barnevern og tverrfagleg refleksjon.
- Opplæring innanfor læringsteknologi, klasseleiing, vurdering for læring og andre ting me ser på som viktig på skulen vår.
- Prøva ut skulen sine læremiddel, konkretiseringsmateriale, interaktive tavler og læringsbrett.

Rettleia praksis

Praksisen du har på vår skule skal vera rettleia. Saman med praksislærar skal du og dine medstudentar laga ein gruppebasert praksisplan, der innhaldet for praksisperioden skal bli tydeleggjort. I førekant av undervisningsøktene får du rettleiing på dei didaktiske planane du har utarbeida åleine, saman med medstudentar eller med praksislærar. Det vil også bli gitt rettleiing undervegs i førebuingsprosessen, og i etterarbeidet av timane. Du vil få rettleiing ut frå korleis du fungerer i samhandling med elevar og kollegaer.

Vurdert praksis

Arbeidet du gjer i praksis vil bli vurdert, og du får tilbakemeldingar på kva du meistrar og kva utfordringar du har å jobba vidare med. Me ønskjer at denne tilbakemeldinga skal vera kontinuerleg, og ein del av rettleiingstimane. Målet er at du skal få framovermeldingar som du kan bruka når du og dine medstudentar planlegg nye undervisningsøkter eller anna lærararbeid.
I tillegg til den vurderinga praksislærar gir, skal du også få vurdera deg sjølv og medstudentar. Her vil du også nytta prinsipp frå vurdering for læring.

I praksisperiodane vil kvar student få individuelle rettleiingstimar, der me saman ser på kva mål du og dine medstudentar skal arbeida mot. Praksislæraren vil ha ein samtale med deg i god tid før praksisperioden er slutt dersom det er nokre av måla i praksisen du har problem med å nå. Saman vil me laga ein plan for korleis desse måla kan bli nådd.
Midt i praksisperioden er det midtvegsvurdering, der du, dine medstudentar og praksislærar deltek. På slutten av perioden vil du få ei avsluttande vurdering, med ei framovermelding. Det blir gitt ei summativ vurdering i slutten av praksisperioden (bestått/ikkje bestått). I tillegg får du ei formativ vurdering som kan hjelpa deg i framtidige praksisperiodar.

Me legg vekt på at du skal få variert, rettleia og vurdert praksisperiode der de opplever progresjon i forhold til eiga utvikling.
Innhaldet vil variere ut frå kor langt du er komen i eiga utdanning. Saman skal me hjelpa kvarandre med å knyta saman teori og praksis med felles målsetting om å leggja best mogleg til rette for læring både for deg som student, elevane og lærarane her på Kleppelunden.
Me ønskjer saman med deg å skapa praksisperiodar som kan gi gode vilkår for utvikling i lærarrolla og ein praktisk yrkesteori.

Læringsutbytte

Me vil leggja til rette for at du når måla for læringsutbytte i samsvar med rammeplanen for grunnskulelærarutdanninga 1-7.trinn og 5-7. trinn. (Rundskriv F-05-10).

Hovudfokus for deg som **1. års student** vil vera **lærarrolla** på hausten og **elevrolla** om våren. Lærararbeidet og den faglege tilrettelegginga for elevane står sentralt.
Det vil vera ekstra fokus på korleis lærarrolla er i eit teknologirikt klasserom. Du vil få erfaring med fagleg tilrettelegging, klasseleiing, samt arbeid med dei grunnleggjande ferdigheitene .
Det vil vera naturleg å diskutera elev- og lærarrolla ut frå ny læreplan (Kunnskapsløftet 2020).

I **2. Studieår** er det søkelys på enkelteleven, elevmangfaldet og eleven sitt møte med skule og fag. Det vil vera spesielt søkelys på **tilpassa opplæring**. Den engasjerte eleven vil vera ein naturleg del av skulen sitt arbeid i arbeid med elevrolla.

I ditt 3. og 4. studieår vil du saman med oss arbeida vidare med tema frå 1. og 2. året samstundes som me ser på skulen som organisasjon og det profesjonelle læringsfellesskapet. I tillegg vil me ha søkelys på samarbeid med føresette og andre sentrale instansar i og utanfor skulen.


Tverrgåande perspektiv

Dei tverrgåande perspektiva (Nasjonale retningslinjer for MGLU 1.-7. og 5.-10.) er viktige rettesnorer for all opplæring. Desse ligger til grunn for planlegging av både enkelttimar og større undervisningsopplegg og inngår i alle fag.

- Begynneropplæringen (Trinn 1-7)
- Grunnleggende ferdigheiter
- Vurdering
- Tilpassa opplæring

1. Begynneropplæring (1.-7)
Studenten skal få inngåande kunnskap om begynneropplæringa, med særleg vekt på grunnleggande lese-, skrive- og matematikkopplæring. Alle fag skal legge vesentleg vekt på begynneropplæringa, som gir grunnlaget for eleven sin utvikling og forutsetningar for videreutvikling av fagkunnskap.

2. Grunnleggjande ferdigheiter



Dei grunnleggande ferdigheitene skal være ein integrert del i alle fag . Studentane vil lære seg å nytte desse i tilknytning til planlegging, gjennomføring og vurdering av undervisninga, gjennom heile praksisperioden på Kleppelunden.

3. Vurdering

Du vil få erfaring med korleis me arbeider med vurdering og sjølv prøva dette ut i elevane si læring og utvikling. Du skal i prakisperioden læra å vurdere eleven sitt læringsutbytte, gi elevane fagleg relevante tilbakemeldingar og legge til rette for elevane sin eigenvurdering.
"Den engasjerte eleven" varierte undervisningsmetodar og Showbie er viktige komponentar i dette arbeidet på Kleppelunden.

4. Tilpassa opplæring

Opplæringa skal bli tilpassa den enkelte elev sine evner og forutsetningar og i praksis skal studenten tileigna seg kompetanse i å tilpassa opplæringa til mangfaldet i elevgruppa, både mht til klassevariasjon og til den enkelte elev.
Du vil få erfaring med tilpassa opplæring gjennom lekser/oppgåver, variert undervisning og ulike appar på læringsbrett, ulike undervisningsmetodar, tilpassa læreverk og organisering,.

Rammer for praksis

Me har følgjande rammer me held oss til:

• 20 t/veka til undervisningsrelatert arbeid. Det vil seia timar du skal vera til stades i klasserommet saman med elevane. Denne tida skal brukast til observasjon, lærarstyrt aktivitet, rettleiing av elevar og undervisning i grupper av ulik storleik.

• 10-15 t/veka til ulike former for læring og rettleiing. Denne tida blir brukt til orientering om skulen si verksemd, deltaking i møte og teamsamarbeid, andre fora for samarbeid, samt rettleiing enkeltvis og i gruppe. Det er laga ein plan over kva du skal få orientering om på dei ulike nivåa i utdanninga.

Du og dine medstudentar vil få eige arbeidsrom/grupperom og tilgang til læringsbrett.

Denne planen er forankra i:

- «Nasjonal forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene» lovdata
- «Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningene 1.-7.trinn/ 5.-10. Trinn
- Studieprogramplan UiS, 1.-7.trinn og 5.-10.trinn.

Denne planen dannar grunnlag for dei gruppebaserte planane praksisperioden.



Sjekkliste for praksis på Kleppelunden skule

Informasjon om	(kontaktperson)

Praktisk info/god start	Kven
Nøklar, kort, alarmer og dører	Avd. leiar Dag Tellef
Innleiande ”bli kjend samtale” Tema: skulen sin visjon/satsingsområde /utviklingsarbeid/ teieplikt	Praksiskoordinator Morten Halaand
Samarbeidsutvalet, FAU, foreldrekontaktar, foreldremøte, samarbeid med heimen	Kontst. Rektor , Dag Tellef
Tilrettelegging for bruk av IKT. Opprette brukartilgang	Praksiskoordinator Morten Halaand
Kopimaskin	Praksiskoordinator Morten Halaand
Bibliotek	Stian Strømdal
Spes.ped/Sos .ped	**Kven**
Spesial pedagogikk.Elevar med spesielle faglege behov	Trine Marie Abelsnes (spes. Ped. Koordinator)
Kort innføring oppmelding andre instansar: *Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)* *Sakkunnig tilrådning- Enkeltvedtak* *Individuell opplæringsplan (IOP)* *Ansvarsgruppe – støtteteam* *Barne og ungdomspykriatisk (BUP)*	Trine Marie Abelsnes (spes. Ped. Koordinator)

Elevar med spesielle sosial behov	Sven Atle Østerhus (sosiallærar)
Støtte funksjonar	**Kven**
Overgangar- Barnehage-skule og mellomtrinn- ungdomstrinn	Konst. Rektor Dag Tellef Risdal Praksiskoordinator Morten Halaand
HMS og brannvern	Konst. Rektor Dag Tellef Risdal
Verneombud	Grete Marie Molaug
Info om skulefritidsordninga SFO	Kerstin Louise
Fag	**Kven**
Lesing/norsk	Stian Strømdal
Rekning/matematikk	Praksislærar
Engelsk	Morten Haaland
Musikk	Sven Atle Østerhus
Kunst og handverk	Tove Nordstokke
Mat og helse	Mostafa Saraji
Kroppsøving	Sven Atle Østerhus
Naturfag	Praksislærar
Samfunnsfag	Praksislærar
KRLE	Praksislærar
Særskild norskopplæring	Trine Marie Abelsnes
Grunnleggjande verktøy for undervisning	**Kven**
Grunnleggjande ferdigheiter	Praksislærar
Klasseleiing	Praksislærar
Arbeidsmåtar/metodar	Praksislærar
Ulike vurderingsformar	Praksislærar
Danning	Praksislærar
Fleirkulturelt perspektiv	Praksislærar
Vurdering for læring	Praksislærar
Tilpassa opplæring	Praksislærar
Interaktive tavler	Praksislærar/Morten Haaland
Læringsbrett/skaparverstad	Morten Haaland/praksislærar